vigo
Interkommunalt selskap

Fylkeskommunenes landssamarbeid

# Eksamen

04.06.2019

LGA2002 Forvalting og drift / Forvaltning og drift

**Programområde:** Landbruk og gartnarnæring/Landbruk og gartnernæring

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderinga** | I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:<br><br>• gje att viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap<br>• forklare korleis noko heng saman, gjere greie for løysingar, bruke kunnskap/teori<br>• vurdere ein situasjon, setje løysingar opp mot kvarandre (drøfte), analysere deg fram til løysingar, grunngje val du gjer, gjere greie for konsekvensar av vala dine osv.<br><br>Den endelege vurderinga av svara skal vere ei heilskapleg vurdering av den samla presentasjonen din. |

## Case for oppgåva:

Petter er 45 år gamal og ungkar. Han har drive garden i 20 år saman med foreldra sine som no er 70 og 71 år gamle.
Garden dei driv har desse ressursane:

- 200 dekar fulldyrka jord
- 20 dekar innmarksbeite
- 5000 dekar utmark, av dette er 1000 dekar produktiv skog på forholdsvis flatlendt morene.
- Det er ei seter på garden nær eit fjellvatn på ca. 500 dekar som er eigd av brukar.
- Nedste delen av elva frå vatnet er lakseførande, men det er ikkje mykje fisk i den forholdsvis korte elvestrekninga
- Det er vanskeleg å leige meir jord i området
- Driftsbygning for 150 vinterfôra sau er frå 1970-talet. Det er strekkmetallgolv for sauene. Fjøset er forholdsvis bra restaurert.
- Reiskapshus og bustadhus er i middels god stand.

Kvar garden ligg i Noreg, og andre opplysningar du treng for å løyse oppgåvene nedanfor, må du føresette sjølv.

# Oppgåve 1

Petter diskuterer med foreldra sine om han skal utvikle driftsforma han har i dag, eller legge om til andre driftsformer. Ein føresetnad er at all dyrka mark på garden skal drivast.

A) Gjer eit grunngjeve val av framtidig driftsform, og omfang av ordinær jordbruksproduksjon på garden.

B) Foreslå eit nytt produkt på garden, med berekraftig bruk av tilhøyrande naturressursar.

# Oppgåve 2

A) Kva er eit dekningsbidrag  og kva brukar ein det til?

B) Kva for dekningsbidrag er interessant å rekne, ut frå valet i oppgåve 1A?

## Oppgåve 3

På garden er det både fulldyrka jord, innmarksbeite og utmark med produktiv skog på forholdsvis flatlendt morene. Det er også eit fjellvatn og ei lakseelv i samanheng med garden.

Vel deg to av vegetasjonstypane som er nemnt over og beskriv dei med tanke på danningsmåte, vegetasjon og dyreliv.

## Oppgåve 4

Forklar og gi eksempel på omgrepet økologiske prinsipp i samband med naturbaserte produksjonar og aktivitetar.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Informasjon om vurderingen** | I denne oppgåva blir det lagt vekt på at du kan:<br><br>• gjengi viktig fagstoff, beskrive og liste opp tillært kunnskap<br>• forklare hvordan noe henger sammen, gjøre rede for løsninger, anvende kunnskap/teori<br>• vurdere en situasjon, sette løsninger opp mot hverandre (drøfte), analysere deg fram til løsninger, begrunne valgene du gjør, gjøre rede for konsekvenser av valgene dine osv.<br><br>Den endelige vurderingen av besvarelsen skal være en helhetlig vurdering av den samlede presentasjonen din. |

# Case for oppgaven:

Petter er 45 år gammel og ungkar. Han har drevet gården i 20 år sammen med sine foreldre som nå er 70 og 71 år gamle.
Gården de driver har følgende ressurser:

- 200 dekar fulldyrket jord
- 20 dekar innmarksbeite
- 5000 dekar utmark, herav 1000 dekar produktiv skog på forholdsvis flatlendt morene.
- Det er en seter på gården nær et fjellvann på ca. 500 dekar som er eid av bruker.
- Nederste del av elva fra vannet er lakseførende, men det er ikke mye fisk i den forholdsvis korte elvestrekningen
- Det er vanskelig å leie mer jord i området
- Driftsbygning for 150 vinterfôret sau er fra 1970-tallet. Det er strekkmetallgulv for sauene. Fjøset er forholdsvis bra restaurert.
- Redskapshus og bolighus er i middels god stand.

Hvor gården ligger i Norge, og øvrige opplysninger du trenger for å løse oppgavene nedenfor, må du forutsette selv.

## Oppgave 1

Petter diskuterer med sine foreldre om han skal utvikle dagens driftsform, eller legge om til andre driftsformer. En forutsetning er at all dyrket mark på gården skal drives.

A) Gjør et begrunnet valg av framtidig driftsform, og omfang av ordinær jordbruksproduksjon på gården.
B) Foreslå et nytt produkt på gården, med bærekraftig bruk av tilhørende naturressurser.

## Oppgave 2

A) Hva er et dekningsbidrag og hva bruker man det til?

B) Hvilke dekningsbidrag er interessant å regne, ut fra valget i oppgave 1A?

## Oppgave 3

På gården er det både fulldyrket jord, innmarksbeite og utmark med produktiv skog på forholdsvis flatlendt morene. Det er også et fjellvann og en lakseelv i forbindelse med gården.

Velg deg to av de overnevnte vegetasjonstypene og beskriv de med tanke på dannelsesmåte, vegetasjon og dyreliv.

## Oppgave 4

Forklar og gi eksempler på begrepet økologiske prinsipp i forbindelse med naturbaserte produksjoner og aktiviteter.

www.vigoiks.no/eksamen

vigo

Interkommunalt selskap